

Sjøvegen til kunsten

New York-kunstnaren Terence Koh er etterspurd over heile verda. Han har valt Bergen for si første soloutstilling i Norge.

SIRI ØKLAND
sirlokland@bt.no
foto RUNE MEYER BERENTSEN

Av dei tinga kurator Anders Johansen berre må gjera før han dør, kan han no kryssa ut ein ting på lista: Å laga utstilling med den verdskjende kunstnaren Terence Koh, som er blitt sjarmert av byen.

– Her i Bergen fann eg to galleri som ligg ved sjøen, Entrée og Tag Team. Me må ha ein båt, tenkte eg. Bergen er ein sjøfartsby. Så no har me kjøpt ei tresnekke som skal frakta publikum mellom dei to galleria, fortel Koh.

Det eine galleriet ligg på Nøstet, det andre på Møllendal, og båtturen inn i Damsgårdssundet og Storelungeren er ein del av kunstutstillinga «sticks, stones and bones», som opna i går.

Fyrlykt på Festplassen

Ein annan del av utstillinga er fyrtårnet som skal stå og lysa på Festplassen den neste månaden. Det er skore ut av eitt trestykke – ein del av stamma på julegrana som Bergen gav til Newcastle før jul. Den Erna Solberg og Trude Drevland var med og felte.

– Sjå tåka som ligg over fjellet – folk kan trenga ei lykt. Når du plasserer noko i offentlegheita, overlet du det til dei. Kanskje set dei seg ned her, kanskje rissar dei namna sine inn i stammen, seier Koh.

Dei to galleria har han stengt under utstillinga, så folk må stå utanfor og kika inn. Tag Team er fylt med gråstein, og i Entrée ser ein ikkje anna enn vedkubbar.

FAKTA

Terence Koh

- Kunstnar, fødd i Beijing i 1977, vaks opp i Canada, bur utanfor New York.
- Kjend for mellom anna performance, installasjonar, fotografi, skulpturar og poesi.
- Blir plassert innan retninga New Gothic Art.
- Har også laga ting under namna «Koh Bunny» og «Asianpunkboy».
- Lagar no si første soloutstilling i Norge, der natur-element som tre og stein er sentrale.
- «Sticks, stones and bones» blir vist til 13. april.

– Båten er open og galleria stengde. Reisa dit og spaserturen tilbake er ein del av opplevinga, seier han.

Jetset-kunstnaren

Koh har ei spektakulær karriere bak seg, og har levd ut dyre vanar på Manhattan. No viser han BT rundt i Bergen med selbuvtar på hendene og ei praktisk lue godt knytt under haka i den regnvåte blesten. Det kan synast langt mellom den lågmælte, vennlege mannen som prisar kunstnarfellesskapet i Bergen og den Koh som selde fargylte klumpar av eigen avføring og iførte seg ekompels til 60.000 dollar.

– Endring er ein del av livet. Eg har gjort det eg har gjort, og no vil eg vil gjera andre ting. Eg lever eit stille liv på landet og fyrer i ovnen kvar dag. Dette er faktisk det første prosjektet eg har laga i fargar – fargane kjem



LYSER OPP: Den neste månaden skal denne fyrlykta lysa for meir eller mindre villfarne folk på Festplassen. Kunstverket er ein del av utstillinga til New York-kunstnaren Terence Koh, «Sticks, stones and bones».

med materiala eg bruker. Elles har eg for det meste brukt kvitt, eller svart og grått.

Ein landsby

– Det trengst ein landsby for å fostra opp eit barn, blir det sagt. Slik kjennest det ut her i Bergen. Anders og vennene hans har lagt

ned utruleg mykje arbeid for å få dette til. I New York er alt styrt av pengar. Her hjelper kunstnarane kvarandre, seier Koh.

Anders Johansen på si side er både glad og overraska over at Koh ville samarbeida med han.

– Eg kjenner Koh frå arbeidet med masteroppgåva mi i

kunsthistorie, som eg skreiv om han. Men eg hadde lyst til å jobba praktisk med han også, så eg spurde om han ville laga ei utstilling i Bergen. Han har jobba med dei største musea i verda, og så kjem han hit, til to små kunstnardrivne galleri. Det er veldig stort, seier Johansen.

God Kveld Norge Filmshakk.no Drammens Tidende Tansbergs Blad Dagbladet Aftenposten Stavanger Aftenblad Bergens Tidende Adressa FilmMagasinet

EN AV DE BESTE NORSKE SPILLEFILMENE JEG KAN HUSKE Å HA SETT.

Filmsnakk.no

FULL AV SMART, FREKK HUMOR.

Dagens Næringsliv

BLIND
en film av **ESKIL VOGT**

På kino **NÅ**
facebook.com/BLINDFILMEN

H T L V S NORSKE FILM DISTRIBUTION